

Årsmøte vart ikkje halde grunna dei nasjonale smittevernsreglane, så på styremøte 9/2- såkalla hybridmøte som foregjekk delvis via telefon, vedtok styret at dei held fram uendra til 2022 og at det ikkje blir kravd medlemskontingent for 2021.

Styret har i 2021 vore slik

Leiar	Per Bådshaug
Nestleiar	Asbjørn Myrhaug
Sekretær	Liv Marie Øyjordet
Kasserar	Magnar Kolden
Styremedl.	Øyvind Pedersen
Vararepr.	Knut Holen
Valgkomite	Steinar Hov og Jon Gunnar Rust
Revisjon	Svein Ovesen og Olav Magnar Bø

Medlemskontingent: Gjeldande , men blir ikkje kravd inn i 2021.

Enkeltmedl. Kr. 500,- Familienmedl. Kr. 600,- Ungdom under 20 år kr. 250,-
Medlemskap i NSFF inngår i kontingenten.

Kontor. Det er nå avklara at vi har gratis kontor og møterom på Loar.

Heimeside og bilete på facebook og instagram. Steinar Hov administrerer dette.

Styremøte i 2021. Det har vore 3 styremøter. Enkelte saker har vore drøfta og avgjort på medlemsmøter og.

Medlemsmøte i 2021. Det har vore 5 medlemsmøter. Tema: Filming, time-laps, minikonkurranse og kalenderarbeid. På møtet i april var det ein ekstern foredragshaldar som gjekk gjennom juryering/bedømming av bilete, kriterier å bruke ved vurdering av bilete m.m.

Turar. 2 turar, til Staurustberget 11/5 og frå Hovde til Bakkom (Visdalen) 8/6, både i fint vær.

.Nasjonalparkriket fotofestival i Vågå 10.-13. september. Dette er eit samarbeidsprosjekt for klubbane i nasjonalparkregionen som vi høyrer til i: Dovrefjell Fotoforum, Vågå Kameraklubb, Linselusa (Vinstra) og Lom Knipsarlag. Øyvind Pedersen og Steinar Hov var med i arbeidsutvalget. Arrangørklubbane hadde utstilling, 10 bilete frå kvar.

Lomskalender 2022. Tema for kalenderen var Jotunheimen Nasjonalpark. Dugnadsinnsats frå fleire av medlemmane på eitt styremøte og fleire arbeidsmøter, resulterte i ein vakker og godt motteken kalender.